

Mjøsvågen i Hosanger

I Mjøsvågen står minna på rekke og rad rundt heile den lune vågen. Her er kisteverksteder, smier, treskofabrikk, metallstøyper, møbelfabrikk og dampskipskai med restar etter eit meieri. Det har også vore røykeri, skraphandel, farger, ullskoproduksjon, knottproduksjon, strømpfabrikk og meir til – eit eventyr av tiltakslust og skaparlede gjennom generasjonar.

Mjøsvågen vart verna i 2001, og Vener av Mjøsvågen mottok i 2005 Arild Haaland sin vernepris for arbeidet som er gjort for å ta vare på dei unike bygningane, og som stimulering til vidare arbeid. Vener av Mjøsvågen er ein ideell medlemsorganisasjon som deltek aktivt i lokalsamfunnsutviklingsprogrammet livOGLyst i Hordaland.

Hosanger kyrkje

Hosanger kyrkje vart bygd i 1796, ho er murt av bruddstein. I åra 1863-1865 vart ho forlengta mot vest. Sakristi-tilbygget på sørsida av kyrkja vart bygd på 1960-talet. På staden var det ei stavkyrkje i mellomalderen, nemnd i 1329, og deretter ei tømra kyrkje. Tømmerkyrkja vart ramma av eit lynnedslag og brann ned første juledag 1795. Av gamle "skattar" kan nemnast døyfefont frå middelalderen, preikestol frå 1796, lysekroner frå 1648 og 1750, kalk og disk frå 1686, messehakel frå 1600-tallet, sognebudskalk frå 1745, døyfefat frå 1600-tallet og frå 1800-tallet, 2 alterstakar frå 1600-tallet. Altertavla har eit målarstykke av nattverden, korsfestinga og himmelarten, målt i Louis-Seize-stil 1796.

Kommunehuset

Kommunehuset i tidlegare Hosanger kommune, bygd i 1954 på Tinghaugane. No er det bustadhus.

Nikolai Mjøs Metallstøyper

Nikolai Askildsen Mjøs (1877-1945) var son til Askild Nilsson Mjøs (1844-1917), som var den første gjørtlar på Osterøy.

Gammelt restaurert naust

Bygd kring 1860. Bygningen er eitt av dei eldste og mest autentiske nausta ved Mjøsvågen. Det formidlar ein av dei ulike byggeteknikkane i bygningsmiljøet. I 2006/07 vart naustet restaurert av byggmeister Rune Revheim. Bygningen er eit tømra naust. Tømmeret i veggane er "nova" (noving: namn frå eldre om byggemetoden i Nordhordland) saman i hjørna. Skifer på tak i varierende størrelsar. Golvet i naustet er laga av runde stokkar som så er festa til underliggjande stokkar med trenaglar. Garnstonga heng i eit oppheng som er festa til betane (bjelkane på skukken) og vart brukt til å tørka og henga garna på.

Butikken til Maria Lillejord

Eigedomen vart utskilt i 1902 og huset vart bygd i 1902-03. Eigaren Knut og Maria Lillejord kom frå Eksingedalen. Huset har tydeleg sveitserstil med fine detaljar. Knut døde tidleg. Maria opna landhandel, ho hadde òg post og "talestasjon" – telefonsentral i huset. I tillegg hadde ho servise og bestill som ho leigde ut til selskap. Vestermøy og Bjørn Gullachsen kjøpte huset hjå dotter til Maria Lillejord i 1972.

Dampskipskaia og Meierigrunnane

Dampskipskaia er bygd kring 1904 og vart kalla Eimskipsbrygga. Kaia vart bygd av eit lutlag som eksisterer framleis. På kaia står grunnane etter eit Meieri som vart bygd kring 1925. Drifta vart avslutta kring 1970. Isen til komene vart tatt i Holavatnet og lagt i sagnarubb i eit lager på Hole.

Vareskuret (raudt) og naust

Vareskuret tilhørte Bysheim og Hosangervar Handelslag og var i bruk då fjordabåtene gjekk. Framom stod kaia sitt ekspedisjonsskur. Nausta høyrer til Mjøsgardane.

Kisteverkstad - Galleri

Det var kring 1865 at dei tok til med å arbeida kister for sal til kjellarhandlarane i Bergen. Jon Larsson Børneset Mjøs (1825-1913) var eigentleg smed, men han bygde seg hus i Mjøsvågen og starta opp med kisteproduksjon. Han gjorde det godt og bygde nytt hus, med eitt rom for snikring og eitt for bestag og måling. Etter kvart voks det fram fem kisteverksteder i Mjøsvågen. Kisteverkstadene er bygd på eit tømra naust som Jon Larsen Børneset Mjøs fekk kjøpt og er påbygd både i høgda (treisverk) og på sjøside i 2 høgdar (tømra). Me veit ikkje alderen på dei opphavlege naustet, men heile verkstaden er teikna inn på utskiftings-kartet som vart "opptaget aar 1886". Første del av 1900-talet vart det produsert amerikakoffertar. Nokre snikkarar (frå Klepp) sov på lemman i vekedagane. Frå 1947 til 1954 var det produksjon av fittelflar; ruskor. Etter 1954 vart verkstaden brukt som naust og verkstad/lager for garden. Frå 2005 har den vore i bruk som galleri.

Murhuset – Forsyningsnemnda

Murhuset vart bygd kring 1920 av Knut Hole og starta opp som Hosanger Trådstift og Gjerdenotfabrikk. Det var eit klondyke for revefarmar på 20-talet men då krakket kom på slutten av 20-talet, tok reve- og gjerdenot-eventyret slutt. Etter det hadde Brita, kona til Knut, vevstolar her og eit lite vareusals. I samband med 2. verdenskrigen vart huset brukt som forsyningsnemnd. Før kommunehuset stod ferdig i 1954 var det likningskontor og trygdekotter der. Elles har det vore produksjon av ymse andre produkt som markiser, møbelhandtak og -beslag. No held eit båttag til der.

Kisteverkstad



Truleg bygd i 1880-åra av Fuse Hole (1853-1941) til produksjon av kister. Huset vart påbygd i 1964 og Per Forthun, barnebarn etter Fuse, har nytta verkstaden til å mellom anna produsere taklampar og lampettar i dreia tre.

Møbelfabrikk

Her stod det først ein kisteverkstad som vart bygd av Halvor Hole (1857-1941), bror til Fuse. Truleg bygd i 1880-åra. Verkstaden brann ned, men den vart bygd oppatt og produksjon av møblar tok til. Dei siste som produserte møblar her var Hanstvedt Møbelfabrikk, som i 1945 flytta produksjonen til Fotlandsvåg. Etter det heldt møbelpetserar Bjarne Hansen til der ei stund. No er det musikverkstad for musikinteressert ungdom på Osterøy.

Div. naust (Hole/Mjøs)

Nausta innerst i Mjøsvågen høyrer opphavleg til gardane på Mjøs og Hole og skilje mellom Mjøs-naust og Hole-naust er Holeelva. Dei fleste nausta er truleg bygd i siste halvdel av 1800-talet.



Kisteverkstad (raud)

Her heldt kistemakar Berge Knutsen Tveiten (1872-1942) til. Han var frå den yngre generasjon kistemakar i Mjøsvågen, og den siste som lagde kister og koffertar i Hosanger. Han produserte for det meste amerikakuffertar. Her i verkstaden er det framleis ein god del snikkarutstyr til kistene, hovbein og ei gamal tappe-maskin i jern. Verkstaden er bygd før 1900 og her var drift til ca. 1940. Verkstaden stod før sær for huset på Skjæringa der vegen går til Lonevåg. 1. høgda vart brukt som lager. 2. høgda vart brukt som verkstad.



Smie

Dette er smia som høyrde til Berge Knutsen Tveiten (1872-1942) sin kisteverkstad. Her vart det blant anna laga hengslar, lås og beslag til kistene og Amerika-kuffertane som vart produsert på kisteverkstaden. Det er ikkje lenger grue i smia. Truleg bygd før 1900. Smieveggen har i generasjonar vore bygda sin oppslagsplass.



Huset på Skjæringa

Huset vart bygd kring 1870. Hølene Monsdatter Skjæringa Øvsthus (1872-1930) var den siste som budde i huset då det stod på Skjæringane/Øvsthus. I 1933 kjøpte Andreas Mjøs huset og flytta det ned til Mjøsvågen. Han hadde bukk i huset fram til 1960-åra og då var ringgangen på austsida. Husgrunnane på Skjæringane står der framleis.



Treskoverkstad

Hosanger treskofabrikk i Mjøsvågen vart starta i 1924 av Andreas Severin Karlsen Mjøs (1884-1959). Fabrikkene dreiv med produksjon av tresko i ulike storleikar for damer, herrar og barn. Tresko var eit vanleg fottøy på den tida, og skorne frå Hosanger vart etter kvart sterkt etterspurde fordi dei hadde ei spesiell god passform og var gode å ha på. Verkstaden er opphavleg kisteverkstad og bygd før 1900 truleg av Anders Olsen Mjøs (1840-1906). Kisteverkstaden vart gjort om til treskoverkstad og det vart produsert tresko like fram mot 1950-åra. Produksjonen kom opp i mellom 50 og 100 par for dagen. Hosanger Treskofabrikk er i privat eige og står her komplett i dag med alt utstyret på plass og under tilsyn av Osterøy museum. Det vart produsert tresko i regi av Treskoverkstadens vener.




Maskinhuset – Kafé

Maskinhuset er bygd av latteplank. Bygget har truleg vore flytta til plassen; stukkane er nummererte. Huset har vore bygd på i høgda. Dei øvste stukkane er ikkje nummererte og har litt anna utsjånad. Maskinhuset sin alder er ikkje kjend, men Maskinhuset er teikna inn (litt utydeleg) på utskiftingskartet for Mjøs "opptaget Aar 1886". I Maskinhuset har det truleg vore sag og andre maskiner. Maskinhuset har truleg vore drive i fellesskap mellom fleire kistemakarar. Men her ser ikkje ut til å ha vore mykje aktivitet, då her er få slitasjespor. Truleg kring 1913 vart motoren seld til Skjerjehamn i Ytre Sogn. Frå ca 1910 starta Lars Andreas Larsen Mjøs (1877-1932) landhandel og nytta Maskinhuset som lager, m.a. for førnøyl. I samband med første verdenskrigen var det bruk for større lagerplass til butikken. I 2006 tok Vener av Mjøsvågen Maskinhuset i bruk til sundags-sommarkafé.



Smia på Kleiva

Smia er tømra av ulike stokkar. Fleire av stukkane har nok vore nytta i andre bygg tidlegare. Det har vore nytta manuell vilte for å blåse i grua. Smia sin alder er ikkje kjend, men smia er teikna inn på utskiftingskartet for Mjøs "opptaget Aar 1886". "Johan med Brune", Johan Mjøs 1882-1964, har vore smed i smia på Kleiva. Far hans, Lars Andersen Mjøs (1853-1929), dreiv kisteverkstad. I 1904-05 førte 4 kisteverkstader felles kassadagbok. Her går det fram at det var Johan som smidde dei fleste kistebeslaga (lås, hengsel mm).



Sy-Anna huset

Her budde Anna Tveiten (1879-1963). Anna gjekk i lære hjå "skreddar-Lina" i Tinghaugen. Etter det arbeidde ho som skreddar og sy-dame og fekk so-leis tilnamnet "Sy-Anna". Farsyster til Anna, Brita Olsdtr. Tveiten (1841-1916) var gift med skomakar Arne Arnesen Mundal (1851-1907), og dei budde i huset frå om lag 1884. Dei hadde ingen barn og Anna fekk difor overta huset etter dei.



Farger

Fargar Herman Torstensen (1846-1916) var utdanna i Tyskland. Han kom frå Sogn og slo seg ned i Hosanger. Han starta opp truleg på slutten av 1880-åra med farging og stamping av vadmel. Sonen til Herman, Theodor, var god ven med Ole Mikkelsen Mjøs. Då Herman Thorstensen døde i høg alder, fekk Ole tilbud om å kjøpa bygningen. I 1917-18 kjøpte han fargeriet og O.M. Mjøs starta med metallproduksjon.



O. M. Mjøs Metallvarefabrikk

Metallvareproduksjon kom i gang i 1920. Det har blant anna vore produksjon av tappekrantar for fal. Sirupskranar var òg eit produkt som det gjekk litt av, så lenge mat vart selt over disk. Frå 60-talet og framover vart det for det meste laga produkt til maritimt bruk med Sabb motor som viktig kunde og også medeigar. O.M. Mjøs bygde på i fleire omgongar. Då bedrifta i 2003 vart seld til Mjøs Metallvarefabrikk, var det ca 400 forskjellige produkt på menyen. Bygningane tilhøyrer no Mjøs Metallvarefabrikk.



Mjøs Metallvarefabrikk AS

Askild Nilsson Mjøs (1844-1917) var den første på Osterøy som dreiv med metallarbeid og starta det som seinare vart Mjøs Metallvarefabrikk. Askild Nilsson Mjøs (1844-1917), er alt i folketeljinga frå 1865 omtala som smed og gjørtlar. Ordet gjørtlar stammar frå det tyske ordet Görtler som betyr spenne-makar. Gjörtlararen formar messing og bronse ved å støypa i sand eller faste former. Fagarbeidaren kan også utføre reparasjonar og restaurere og vedlikehalde gjenstandar i messing og bronse. Gjörtlarlaget oppstod på slutten av middelalderen, og mange av arbeidsprosessane er dei same i dag. Ein arbeider framleis med smelta metall og formene vart laga av sand. Produkta vart bearbeidd for det meste for hand, sjølv om maskiner og verkty har framleis nokre av arbeidsoppgåvene. I dag er det et-terkommarane etter Askild Nilsson Mjøs, Eimund, Aksel og Øystein Øvsthus, som saman med Jets AS eig Metallvarefabrikken.

Kjelder: Osterøyboka 1997, Osterøy bygdebok 2007, Kulturhistorisk Vegbok 1993, Osterøy i søge og samtid 1986, 1994, 2008, Nils Georg Brekke - Bygdehandverk, huslid og heimeindustri, Dugnad nr 4, 1983. Geir Kleiveland - Mjøs Metallvare-fabrikk. Sefrak-registrering frå 1989. Elles frå utlike intervju.

Utarbeid i 2010 av Vener av Mjøsvågen / Åse Nilssen / Augon Johnsen / Bilder: Arne Høyland / Åse Nilssen / Tom Skauge / Else Karin Bysheim